

PREMIERE  
5. MARS  
2004



nasjonalbiblioteket  
biblioteket

av Ole Johan Grønsgag

SISTE DAGAR SETT



OLE JOHAN GRØNSKAG av Marcelino Martin Valiente

Ole Johan Grønskog er ein forfattar av uvanleg format. Han skriv utanfor etablerte teaterrammer. Hjø Ole Johan er det meir ei stemme som uttrykker seg, enn ei tekst som fortel. Alt han seier er sjølvbiografi. Ingenting er dikta. Ingenting er fiksjon. Alt er levd liv.

I *Filantropicana* (SOF Teater 2002) skifter alle identitet. I Siste dagar sett blandar Ole Johan det feminine og det maskuline. Her er ikkje vanlege teater-karakterar, men det er energikilder som blandar seg.

Mann og kvinne er fysiske strukturar som møtest og går frå kvarandre. Det er ingen moralske reglar i Grønskog si diktning. Kjærløik er ein heilskap som skaper uendeleg avstand mellom desse strukturane som er sveisa saman. Det er umogleg å elske det som er nær. Slik er diktar-verda til Ole Johan Grønskog.




MARIA TRYTI VENNERØD av Marcelino Martin Valiente

Meir kunne verte eit klassisk teaterverk, der det finst klare karakterar, konkrete situasjonar og presis dramaturgi. Men Maria har laga karikaturar og pervers handling og ho legg opp til brå og uventa skifte i dramaturgien.

I stykket drep ei jente venninna si under brutal leik. Då startar to "politifolk" ei rå etterforskning. I tillegg kjem to tabloide journalistar, og heile stykket tek gradvis ei surrealistisk retning. Det var nettopp det som interesserte meg som iscenesetjar. Eg ville konfrontere denne surrealismen med kald verkelegheit i kvardagslivet, og dermed setje teksta inn i ein aktuell samanheng.

19180-20



## MEIR NYSKRIVEN VESTNORSK DRAMATIKK SETT PÅ SOF-KARTET

Det er duka for premiere på to stykke av to av dei unge forfattarane våre. Maria Tryti Vennerød har på kort tid utvikla ei særeiga stemme. Vi har tidlegare vist *Ta meg på vengene*, og presenterer denne gongen stykket *Meir*. Vi er spesielt stolte på Maria sine vegner, etter at ho nyleg gjekk av stad og vann førsteprisen i ein stor svensk-norsk dramatikarkonkurranse. Ho får dermed sett opp vinnarteksten både i Norge og Sverige.

Ole Johan Grønscag har til liks med Maria utvikla ei ny røyst som har vist seg å verke godt på scena. Sist vi presenterte Ole Johan på SOF Teater var det med *Filantropicana*. Denne gongen er det med det vi kan kalle ein oppfølgjar, monologen *Siste dag* sett.

Det er naturleg for teatret å presentere desse stykka under eitt som kveldsframsyningar rundt om i fylket. Begge forfattarane er unge og har røtene sine her, og oppsetjingane vidarefører tradisjonen med å setje opp ny vestlandsdramatikk ved teatret.

*Meir* går i tillegg som skuleframsyningar på vidaregåande skular. Det er dessutan ei glede å få presentere og ønskje velkomen ein nykommar ved SOF Teater, skodespelaren Markus Tønseth.



Velkomen i teatret!

Terje Lyngstad  
teatersjef

## MARKANT MARCEL av Terje Lyngstad

Marcelino M. Valiente er tilbake ved SOF Teater. Vi kjenner han godt frå før, frå oppsettingar som *Gjest Bårdsen døyr ved Nilsens breidd* og *Filantropicana*. Alle instruktørar har sin måte å arbeide på. Vi spør Marcel om han kan seie noko om kven og kva som er avgjerande for korleis ei framsyning blir til.

Er det rammevilkåra teatret set, er det instruktøren som bestemmer alt, eller har skodespelarane noko dei skulle ha sagt?

Regissøren skal ha det siste ordet. Det er hans visjon som bringer fram prosjektet til slutt. Om ikkje regissøren har ein visjon med teksten, kva skal skodespelaren gjere då? Då treng han ingen regissør, då kan han like godt berre improvisere teksten fram for publikum. Eit kvart prosjekt startar med ein idé som kan kome frå mange hald - frå teatret, instruktøren, ein skodespelar eller ein forfattar. Men instruktøren må kome med eit konsept, ein filosofi bak framsyninga. For meg står skodespelaren i sentrum. Det er han som skal formidle konseptet til publikum. Skodespelaren er ein kunstnar, ikkje eit instrument, så han må ta ein klar

posisjon for å få fram nettopp filosofien bak teksten.

Det blir stadig hevda at teatret ikkje vender seg til eit ungt publikum. Kva skal til for å få ungdomen til å få auga opp for teatret?

Ungdom er eit vidt og lite einsarta omgrep. Det er stor skilnad på kva som fengar 11-åringar, 15-åringar og 18-åringar. Eg trur ikkje på effektar som video, kult-musikk, tøffe kostymer og annan staffasje. Det handlar meir om kva slags fantasnivå vi vil kommunisere med unge menneske på. Vi må heller undersøke kva som rører seg blant ungdom, finne ut kva dei ler av, kva dei blir triste av, kva som er tabu og kva som ikkje er det. Om vi veit meir om det, veit vi kanskje meir om kva som treff hos dei som er unge i dag.



## Meir:

Dramatikar: Maria Tryti Vennerød

I denne oppsetjinga har iscenesetjar i samarbeid med skodespelarane laga mellomtekstar i tillegg til manuskriptet.

Desse mellomtekstane kjem i overgangane mellom scenene.

Skodespelarar:

Ida: Idun Losnegård

Benedikte: Anna Dworak

Rune: Kyrre Eikås Ottersen

Kristian: Gard Frøstad Knudstad

Linn: Therese Hugøy

Tormod: Markus Tønseth

Dikt av Jens Bjørneboe

Musikk: Mirwais og David Bowie

Foto til scenografi: Olav Øygard

Teikning frå Snorre: Halfdan Egedius

## Siste dagar sett:

Dramatikar: Ole Johan Grønskog

Skodespelar: Anna Dworak

Video: Marcelino Martin Valiente

Musikk: Nine Inch Nails

## Meir og Siste dagar sett:

Iscenesetjar: Marcelino Martin Valiente

Scenografi og kostyme: Erik Annar Evensen

og Marcelino Martin Valiente

Lyssetjar og inspisient på turne: Atle Øydvinn

Rekvisitør og videomontasje: Jan Tjønneland

Sufflør: Agnes Alisøy

Sveisarar: Odd Magne Herland og Halldor Horne

Snikkar: Kjell Furevik

Teknikar: Per Ludviksen

Teatersjef: Terje Lyngstad

Produksjonsleiar: Kenneth Røsandhaug

Forretningsfører: Inge Larsen

Informasjonssjef: Hans Jakob Reite

Administrasjonssek.: Signe Marie Tomasgard og Asbjørg Lotsberg

Sals- og produksjonsassistent: Reidun Støfring

Reinhold: Lillian Digernes

Foto: Olav Øygard

Plakat, flygeblad og monter: Turid Øyre Øygard

Trykk: E. Natvik Prenteverk, Florø

Ansvarleg utgjevar: Terje Lyngstad

## VESTNORSK REPERTOAR VED SOF TEATER av Terje Lyngstad

SOF Teater har bytt teatersjef, men har ikkje skifta retning. Mette Brantzeg har i sine fire år ved teatret vist kor teatret høyrer heime, m.a. ved å utvikle nyskriven dramatikkk av forfattarar frå vår region og å satse på scenisk folkemusikk- og folkedanstater. Denne lina blir vidareført i 2004 og i åra som kjem. På Folkemusikkfestivalen i Førde første helga i juli vert det sett opp to stykke; *Jenta som ingen kunne målbinde* i regi av SOF Teater og *Guten og risen* i regi av Fjordapuls - samarbeidspartnaren vår.

I vår vil vi heidre Per Sivle med ei framsyning i samband med at det er 100 år sidan han døydd, og til hausten kjem ein komedie av Rolf Losnegård der vi har fått med tre musikarar frå "Vinskvetten". Handlinga er lagt til øya Maksvær. Kinnaspelet har 20-årsjubileum i juni og *Audun Hugleikson - kongens mann* vert spelt i Jølster i slutten av juli.

Teatret vil tidleg i 2005 stå bak ein dramatikkverkstad for tre allereie etablerte forfattarar som ønskjer å utvikle eit språk for scena. Teatret vil dessutan arbeide med å utvikle to spelstykke der handlinga har røtene sine i vårt fylke. Det første vil ha premiere i 2005 og tek utgangspunkt i den tragiske hendinga der Arve Beheim Karlsen mista livet i 1999. Det andre skal omhandle den snart hundre år gamle Hetlesaka, eitt av dei mest kjende justimorda i norsk historie. Dette stykket vil ha premiere i 2006.

Hovudsponsorar:



**FIRDA**



Rica Sunnfjord Hotel

# ME

av Mar

Depotbiblioteket



05sd 05 491

**SOF** TEATER  
sogn og fjordane

